

Møteprotokoll

Utval: Giske kontrollutval

Møtestad: Giske rådhus

Dato: 29.01.2026

Tidspunkt: kl. 13:30 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte

Anne Lise Roald

Gunnar Morsund

Kåre Harald Sæter

Lillian Skarmyr Olsen

Stig Gjethammer

Andre som møtte

Einar Andersen

Kathrin Haram

Karl Andre Birkhol

Birgitte Fjørtoft

Kenneth Langvatn

Solveig Kvamme

Stilling

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kommunedirektør

Arkivleiar

Ordførar, frå sak 04/26

Seniorrådgivar SKS IKS

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/26 Oppfølging forvaltningsrevisjon 2025 personalressursforvaltning
- PS 03/26 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 - dokumenthandtering, innsyn og openheit
- PS 04/26 Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
- PS 05/26 Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025
- PS 06/26 Giske kontrollutval si årsmelding for 2025

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Giske kontrollutval 29.01.2026

GPU 01/26 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/26 Oppfølging forvaltningsrevisjon 2025 personalressursforvaltning

Giske kontrollutval 29.01.2026

GPU 02/26 Vedtak:

Kontrollutvalet takkar kommunedirektøren for orienteringa om korleis dei har arbeidd vidare med tilrådingane som kom fram i forvaltningsrevisjonsrapporten. Kontrollutvalet avsluttar med dette oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen.

Behandling i møtet

Kommunedirektøren orienterte om korleis administrasjonen har fulgt opp forvaltningsrevisjonen, og svarte på dei spørsmål kontrollutvalet hadde. Den skriftelege orienteringa vart delt ut i møtet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet takkar kommunedirektøren for orienteringa om korleis dei har arbeidd vidare med tilrådingane som kom fram i forvaltningsrevisjonsrapporten. Kontrollutvalet avsluttar med dette oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen.

PS 03/26 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 - dokumenthandtering, innsyn og openheit

Giske kontrollutval 29.01.2026

GPU 03/26 Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området dokumenthandtering og innsyn/offentlegheit, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet.

Ressursramma for denne forvaltningsrevisjonen er inntil 250 timar.

Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 24.04.2026, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i sitt møte 07.05.2026.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatet informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Behandling i møtet

Forvaltningsrevisor gjekk gjennom prosjektplanen, kontrollutvalet drøfta denne og gav sine innspel.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området dokumenthandtering og innsyn/offentlegheit, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet.

Ressursramma for denne forvaltningsrevisjonen er inntil 250 timar.

Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 24.04.2026, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i sitt møte 07.05.2026.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatet informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

PS 04/26 Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS

Giske kontrollutval 29.01.2026

GPU 04/26 Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Giske kommune vil delta i ei felles bestilling av ein forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport og oppfølging av

eventuelle vedtekne tilrådingar

3. Giske kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenester
4. Giske kontrollutval ber sekretariatet ta med kontrollutvalet sine innspel til ei felles bestilling av forvaltningsrevisjon.

Behandling i møtet

Endring av punkt 4, foreslått av Kåre Harald Sæter:

1. Kontrollutvalet i Giske kommune vil delta i ei felles bestilling av ein forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar
3. Giske kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenester
4. Giske kontrollutval ber sekretariatet ta med kontrollutvalet sine innspel til ei felles bestilling av forvaltningsrevisjon.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

1. Kontrollutvalet i Giske kommune vil delta i ei felles bestilling av ein forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar
3. Giske kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenester
4. Giske kontrollutval har - ingen kommentarar/fylgjande kommentarar - til felles bestilling av forvaltningsrevisjon

PS 05/26 Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025

Giske kontrollutval 29.01.2026

GKU 05/26 Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025 til vitande og merkar seg at det gjennom denne kontrollhandlinga ikkje er funne noko som krev særskilt oppfølging.

Behandling i møtet

Oppdragsansvarleg revisor la fram rapporten og svarte på dei spørsmål som kontrollutvalet hadde.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025 til vitande og merkar seg at det gjennom denne kontrollhandlinga ikkje er funne noko som krev særskilt oppfølging.

PS 06/26 Giske kontrollutval si årsmelding for 2025

Giske kontrollutval 29.01.2026

GPU 06/26 Vedtak:

Årsmelding 2025 for Giske kontrollutval vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som ein samla rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.

Behandling i møtet

Kontrollutvalet gav innspel på at ein i neste årsmelding kan ta med litt mindre tekst i den delen av årsmeldinga som omhandlar kontrollarbeidet generelt.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Årsmelding 2025 for Giske kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som ein samla rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.